

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset  
**Dato:** 21.02.2017  
**Tidspunkt:** 11.00-11.30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Atle Kvåle	Medlem	A
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Parti	
Atle Kvåle	Mari Klokkestuen Kjellesvik	A	
John Torgeir Torsvik	Stein Inge Ryssdal	H	Møtte i sak 28/17

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar transportplanseksjonen/stedfortredar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 24/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 25/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 26/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 12/17	International Newsletter 2/2016	2017/1056	
PS 27/17	Punktutbetring og trygg skuleveg - 2016 og 2017	2014/22427	
PS 28/17	Bomringen i Bergen - lågare inntekter i Bergensprogrammet etter innføring av tidsdifferensierte takstar	2014/22642	
PS 29/17	Ymse		

### **PS 24/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

##### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

### **PS 25/17 Godkjenning av møtebok førre møte**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

**Geit Angeltveit (V)** viste til eit feil årstal i møteprotokollen frå førre møte.

##### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 08.02.2017 vart godkjend med merknaden over.

### **PS 26/17 Referatsaker (meldingar)**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

I samband med RS 12/17 «International Newsletter 2/2016» spurde **Jon Askeland (Sp)** om det er relevante program å søkje på, særleg knytt opp til klimaplanen. Fylkesdirektør samferdsel svarte på spørsmålet.

## **PS 27/17 Punktutbetring og trygg skuleveg - 2016 og 2017**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 20 mill kr. i 2017. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.»

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Solbakken sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 1 røyst (H) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.

## **PS 28/17 Bomringen i Bergen - lågare inntekter i Bergensprogrammet etter innføring av tidsdifferensierte takstar**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengeplegg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

**Stein Inge Ryssdal (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Bompengeselskap AS. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

John Torgeir Torsvik møtte for Ryssdal i saka.

## **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompenggeopplegg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

## **PS 29/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

Fylkesdirektør samferdsel opplyste at fylkeskommunen har hatt møte med sentrale styresmakter om fordelingsnøkkelen til ferjemidlar, nasjonal transportplan (NTP) og sykkel-VM.